



## Team Hardanger

Referat frå møte 29. november 2016 kl 12.00 – 15.00  
Kvam rådhus, Norheimsund.

Tilstades:  
Jondal kommune: Sigrid Brattabø Handegard  
Kvam herad: Jan Tjosås frå kl 12.30  
Odda kommune: Elisabeth Wesenlund Hauge  
Eidfjord kommune: Lisbeth Bygstad Celik  
Næringsshagen i Hardanger: Sigmund Vereide frå kl 13.00  
Hardangerrådet iks: Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo

Forfall:  
Granvin herad: Olav Seim  
Ullensvang herad: Ranveig Børve  
Ulvik herad: Natalia Golis  
Næringsshagen i Odda: Marie Opheim

Orienteringar:

### Invest in Region Bergen v/ Vidar Totland BRB / HFK

Vidar Totland orienterte om aktivitet, samarbeidspartnarar, marknadsføring, aktuelle prosjekt og kva Hardangerkommunane kan få tilbake gjennom ei deltaking i Invest in Region Bergen. HFK opnar for at kvar enkelt kommune kan delta i Invest in Region Bergen, men samstundes stå utanfor det nye etablerarsenteret som vert overført frå BRB til Hordaland fylkeskommune.

Team Hardanger drøftar felles innstilling vedr. Invest in Region Bergen etter at den foreløpige styringsgruppa, der rådsordførar Jon Larsgard er Hardanger sin representant, har kome med si innstilling like over nyttår.

### Innovasjon Norge (IN) – Støtteordningar v/ Sveinung Dukstad

Sveinung Dukstad orienterte om aktuelle støtteordningar som IN kan tilby. Sveinung ber om at vi kontaktar han på epost eller tlf om vi har spørsmål ifm med ordningane anten på generelt grunnlag eller knytta til konkrete saker.

[sveinung.dukstad@innovasjon norge.no](mailto:sveinung.dukstad@innovasjon norge.no) mob. 911 77216

Begge presentasjonar ligg vedlagt til dette referatet,

### Saker:

### Sakliste

#### 1. Studietur oktober 2016

##### a. Evaluering

Studieturen gav eit godt utbyte for samtlege deltakarar. Takk til Sigmund for godt program og god gjennomføring.

Kva kan vi ta med vidare ?

Impulsar frå turen må spreiest i egne netverk lokalt. Bør vera til inspirasjon for lokale verksemdar.

TH planlegg «matkulturreise» til Gloppen Hotel, Sandane 30. september 2017. Her bør ein kobla opp deltakarar frå Prosjektet «Hardangermeny» som Næringshagen i Hardanger har overteke ansvaret for.

## 2. Arealguiden.no

### a. Vidare plan for oppdatering av opplysningar.

Trude har sendt ut referat frå møte i brukargruppa. Vi ber om at kommunane oversender til Trude namn på kontaktperson for kommunen vedr. innmelding av ledige næringsareal og næringslokaler. Trude vil leggja dette inn på nettsida arealguiden.no. Trude sender melding til kontaktperson kva opplysningar som må følgja innmelding av ledige areal/lokaler.

## 3. Hardangerkonferansen 2016

### a. Evaluering

Dei som deltok på konferansen har gjeve positive tilbakemeldingar. Det vert eige evalueringsmøte i programstyret 1.12.

### b. Oppfølging av konklusjonar frå konferansen

#### i. Måling av nyetableringar.

TH er samde om at vi på Hardangerkonferansen 2017 vil leggja fram ei «Årsmelding» for næringsutviklingsarbeidet i regionen det siste året. Endringar, helst auke, i tal på arbeidsplassar vil vera eit viktig fokus i dette.

## 4. Innmeldte saker

Tilskuddsportalen.no vart gjort greie for i førre møte i Hardanger Kulturråd.

Næringshagen i Hardanger har kjøpt tilgang til denne portalen, men ikkje nytta den så langt. Sigmund deler tilgang slik at fleire kan sjå om dette er eit verktøy fleire ser det nyttig å ha tilgang til.

## 5. Orientering frå dagleg leiar

Dagleg leiar orienterte om

- Prosjekt «Merkevare Hardangerfrukt» Prosjektplan for forprosjekt ligg vedlagt.
- Søknader frå HOG Energi om HNH-midlar til:
  - Omstillingsalliansen
  - Senter for smart brønnteknologi

## 6. Orientering om næringsarbeidet i kvar kommune

Kvam:

Nedgang i folketal bekymrar. ( 71 personar siste kvartal )

Kvam ønskjer ( og arbeider med ) tiltak/felles løft som kan snu utviklinga.

Innspel: Viktig med integreringstiltak som får tilflyttarar til å bli buande i Hardanger. Dette kan gjerne verta tema på Hardingtinget.

Odda:

Elisabeth er medlem av administrativ arbeidsgruppe for Regional næringsplan for Hordaland. Ho vil bruka TH som ressurs i spørsmål/tema i dette arbeidet.

Næringshagen i Hardanger:

Arbeider med ny aktivitet etter nedlegging av TINE Meieri i Kvam.

Har utlyst ny stilling som forretningsutviklar.

## **7. Ymse**

Møteplan for Team Hardanger 2017.

Det er ønske om 3 møte vår og 2 møte haust.

Møtedag torsdag.

Møteplan 2017:

Torsdag 2. februar

Torsdag 6. april

Torsdag 1. juni

Torsdag 7. september

Torsdag 9. november

Norheimsund, 29.11.2016

Jostein Eitrheim  
Referent